



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 28. april 2012

NVE

FRÅSEGN – KONSESJONSSØKNAD – VENGÅA I RAUMA

Dykkar ref 200805490

Denne fråsegna er skrivi i forståing med Naturvernforbundet sitt lokallag i Rauma.

Det er i denne saka spesielt to tilhøve som vi ønskjer å seie noko om. Det gjeld funn av brunburkne og påverknaden av verdiar for friluftslivet, særleg i øvre del.

På sidene 42/53/57 er det nemnt funn av brunburkne. Sidan den biologiske rapporten blei laga i 2008 er det kome ei ny raudliste, der brunburkne er ført til kategori EN, sterkt truga. Arten er knytt til serpentin/olivinberg. Kjent utbreiing for brunburkne tilseier at funn i dette området er noko overraskande.



Utbreiinga av brunburkne i midtre delar av Møre og Romsdal, frå Artskart.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL

Telefon 91 81 25 42 – epost moreromsdal@naturvern.no – internett www.naturvern.no/mr

Det er elles ein nær samanheng mellom brunburkne og olivin/serpentinberg som ikkje stemmer heilt med opplysningane elles. Tilhøva knytt til denne lokaliteten meiner vi det er nødvendig å sjå nærare på til eit gunstig tidspunkt. Vi skulle gjerne sjølv ha sett på dette også, på sommarstid.

Dei naturfaglege undersøkingane er i hovudsak utført 13.10.2007 og supplert 16.5.2008. Tidspunkta ligg litt i grenseland for å fange særleg ein del av floraen i øvre del av utbyggingsområdet, men er i det minste høveleg for fugleobservasjonar.

Det er opplyst side 60 at elva er fisketom. Det er vi ikkje sikker på er rett, men det er truleg rett at det ikkje blir fiska noko større i elva.

I Rauma kommune sin vassdragsplan er dette vassdraget plassert i gul sone. Det tyder mellom anna at andre omsyn som friluftsliv er rekna som viktige i området, og at utbyggar må rekne med at dette blir betydeleg vektlagd. Området vidare innover i Vengesdalen blir brukt mykje til friluftsliv, til trass for at det er ein del inngrep, mellom anna frå kraftutbygging i området. Ytterlegare auke av inngrep vil slik vi ser det vere svært uheldig. Frå der prosjektet blir synleg frå Vengesdalsvegen og vidare oppover til inntaket vil inngrep påverke friluftslivet. Elva i seg sjølv er her fin å sjå på og dessutan ganske tilgjengeleg. I tillegg ligg denne strekninga nær eit mykje bruka område rundt Vengesdalsetra.

Naturvernforbundet meiner at inntaket må flyttast nedover i vassdraget for å redusere ulempene spesielt for friluftslivet.

Omsynet til friluftslivet må og vere grunnlag for ei nærare vurdering av anleggsverksemda. Anleggsverksemd til hinder for tilkomst av Vengesdalen, og støy, vil vere svært negativt. Vi går ut frå at andre vil gjere nærare greie for omfanget av friluftslivet.

Med vennleg helsing

Øystein Folden
leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal